



Statens vegvesen

Balsfjord kommune
Rådhusgata 11
9050 STORSTEINNES

Behandlande eining:
Region nord

Sakshandsamar/innvalsnr:
Kjell Grønsberg - 77617356

Vår referanse:
2010/203365-049

Dykkar referanse:

Vår dato:
14.07.2011

ANMODNING OM VEDTAKSENDRING FOR E6 NORDKJOSBOTN - STORFJORD GRENSE

Bakgrunn

Syner til pågåande arbeid med reguleringsplan for E6 Nordkjosbotn til Hatteng i Storfjord, og varsel om innsigelse som har kome frå Fylkesmannen og NVE for strekninga fram til Storfjord grense. Statens vegvesen vil kort gjere greie for prosessen med planprogram og korleis ein kan håndtera saka vidare.

Prosjekt E6 Nordkjosbotn-Hatteng med tilknytningar er med i Nasjonal Transportplan (NTP) 2010-2019 med følgjande formulering av tiltak: *“I perioden 2014-2019 er det aktuelt å prioritere statlige midler til utbedring av E6 Nordkjosbotn – Hatteng, som er den dårligste strekningen på E6 mellom Nordkjosbotn og Skibotn.”*

Framdriftsplan for arbeidet med reguleringsplan er i utgangspunktet berekna til utgangen av 2012 med politisk godkjenning andre halvdel av 2013. Utløysing av midlar frå NTP heng saman med ferdigstilling av forutgåande planar. Sjølv om det er uklart kortid midlane kan kome i NTP-perioden, er framdriftsplanen satt opp med det mål å kome i posisjon for byggestart tidleg i perioden. Ettersom prosjektet med omlegging av E6 og tiltak langs E8 i Nordkjosbotn består av ein bevilgning, er det viktig å vere klar over at forseinkingar i ein av reguleringsplanane kan få konsekvensar for prosjektet samla sett.

Kommunedelplan E6 Nordkjosbotn-Storfjord grense som reguleringsplanen bygger på består av fire planhefter og vart vedtatt 21.08.2007. Medan Statens vegvesen tilrådde utbygging av alt. 3, gjorde kommunen vedtak på alt. 2.

Statens vegvesen har med grunnlag i varsel om innsigelse valt å stoppa vidare arbeid med reguleringsplan etter vedtatt linje. Vedtatt alt. 2 som kommunen vedtok i 2007 er så konfliktfylt at ein må finna andre løysingar. Vegvesenet ser difor ikkje grunn til å kommentera alle innkomne merknader frå høyringsperioden og leggja fram sak for fastsetting av planprogram.

Postadresse
Statens vegvesen
Region nord
Postboks 1403
8002 Bodø

Telefon: 06640
Telefaks: 75 55 29 51
firmapost-nord@vegvesen.no
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse
Killenqrens gate 6
9008 TROMSØ

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Prosess planprogram

I forkant av oppstart av planarbeidet vart det halde møter med Fylkesmannen sin miljøvernavdeling, Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Balsfjord kommune for vurdering av føreliggande planverk og eventuelle nye utreiingskrav. Fylkesmannen og NVE fraråda planlegging etter vedtatt linje og ynskte å drøfta trasèvalet med kommunen. I møte den 8. desember 2010 forklarte kommunen bakgrunnen for vedtaket, og ga melding om at ein ikkje var villig til å vurdera dette på nytt. Kommunen understreka at det ikkje fulgte med innsigelse då kommunedelplanen vart vedtatt i 2007. Statens vegvesen gjekk etter dette møte i gang planarbeidet og fekk ordna samarbeidsavtale med kommunen. Vegvesenet mottok brev frå Fylkesmannen og NVE med krav om utvida utreiingar og med ny oppmoding til kommunen om å endra vedtaket.

Planprogram med konsekvensutreiing vart lagt ut på høyring slutten av februar med vel seks veker høyringsfrist. I løpet av høyringsperioden vart det gjennomført folkemøte den 30. mars, og vegvesenet mottok fleire merknader og innspel frå offentlege etatar og private personar. Det som i tillegg kom var altså varsel om innsigelse til reguleringsplan frå både Fylkesmannen sin miljøvernavdeling og NVE. Vegvesenet såg då at ein vanskeleg kan halde fram med ein kostnadskrevande plan når endeleg godkjenning av reguleringsplan står i fare.

Statens vegvesen har halde seg til ein godkjent kommunedelplan og førebudd planarbeidet etter alt. 2. Når vilkåra for planarbeidet er blitt endra, er vegvesenet tvungen til å sjå etter andre løysingar. Under vil ein gå gjennom dei løysingar som vart drøfta med Balsfjord kommune, Fylkesmannen og NVE i juni. I ettertid har regionvegsjef Torbjørn Naimak drøfta saka med ordførar. Referata frå møta er lagt som vedlegg.

Vidare h ndtering

I møte den 24. juni vart ulike forslag diskutert. Etersom b de Fylkesmannen og NVE held fast ved sine varsel, vil f lgjande l ysingar vere aktuelle:

1) Kommunen gjer om vedtaket til alternativ 3

Med omsyn til framdriftsplan og m l for igangsetting av bygging, vil det mest form lstenlege vere at vedtaket vert endra til det tilr dde alt. 3. B de Fylkesmannen og NVE melder om at vidare utreiing for dette alternativ vil vere avgrensa. Omgjering av vedtak vil ikkje forseinka planarbeidet vesentleg, og ein kan ta sikte p  godkjenning av reguleringsplan innan hausten 2013.

2) Vegvesenet utarbeider reguleringsplan etter vedtatt alt. 2

For vegvesenet vil det utfr  kostnader og tid vere umogeleg   halde fram med planlegging etter vedtatt linje, ettersom varsel om innsigelse er komen fr  to tunge statlege etatar.

3) Departement vurderar innsigelsesgrunnlag

Avklaring av innsigelsesgrunnlag i departement tar i snitt opp mot 1  r og vil f lgjeleg forseinka planarbeidet betydeleg og prioriteringane i NTP. Viss utfallet etter behandling i departementet g r i fav r til kommunen sitt vedtak, kan ein likevel venta   f  innsigelse til alt. 2 n r reguleringsplan for dette alternativ vert lagt fram. I ein slik situasjon vil ein igjen st  overfor for ein tidkrevande avklaringsprosess, og med eit utfall som etter alt   d mme likevel blir alt. 3.

I behandling av kommunedelplanen fulgte det ikkje med innsigelse, men det fulgte likevel med klare tilr dingar fr  vegvesenet. I notat til kommunen (01.03.06) framkjem det at **“alt. 2**

og 4 forkastes” grunna at konfliktane til natur og miljø er så store. Vidare vart **“alt. 5 og 7 fraråda”** av dei same grunnar. Kva Miljøverndepartementet vil vektlegga i eventuell vurdering av innsigelse er uklart, men ifølgje Fylkesmannen sine signal er det grunn til å tru at departementet vil vurdera heile saka under eitt. Fylkesmannen og NVE legg i sine varsel om innsigelse vekt på nytt skjerpa lovverk ifht. naturmangfald (2009), omsyn og regelverk til verna vassdrag og alderen på kommunedelplanen mv.

4) Departement startar prosess med statleg plan

Dersom statleg plan blir løysinga, vil slik plan bli fremma og gjennomført etter alt. 3. Departementet vil då tre inn i kommunestyret sitt myndigheitsområde. Dette vil også vere ein tidkrevande prosess og føra til at framdrifta vert forseinka. Vegvesenet ser statleg plan som ein moglegheit.

Tilråding

For å sikre vidare framdrift og posisjon for utløysing av midlar i NTP perioden 2014-2019, vil Statens vegvesen anmoda Balsfjord kommune om å endra vedtaket for kommunedelplan E6 Nordkjosbotn-Storfjord grense til alt. 3.

Vegvesenet vil elles vurdera statleg plan.

Venleg helsing

Stein Johnny Johansen
Prosjektsjef

Kjell Grønsberg
Planleggingsleiar

Vedlegg 1: Merknader frå Fylkesmannen og NVE

Vedlegg 2: Referat